



SAKSHANDSAMAR
Eva Sætersdal Walderhaug

INNVALSTELEFON

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
16/00123-91

DYKKAR REF.
2015/8551-96

DYKKAR DATO

ARK. Forvaltningsarkivet
510.8

VÅR DATO
29.09.2017

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Statsbudsjettet 2016 kap 1429 post 70 - BARK - Omdisponering av midlar tildelt 2016 - Håkonshaugen i Lindås, Hordaland

Me visar til dykkar søknad om BARK midlar av 22.01.16 vedlagt søknad frå Lindås kommune, vårt brev av 21.04.16 med tilsegn om midlar, rapportering og søknad om overføring av 31.10.16 og dykkar brev av 06.07.17 vedlagt søknad om omdisponering av midlar for prosjektet «Håkonshaugen» frå Lindås kommune.

Prosjektet fekk tilsegn om kr. 350 000,- i 2016 til oppgradering av tilrettelegginga av Håkonshaugen i Lindås, id. 66400, med vekt på universell utforming. Grunna omsynet til naboeigedommar kan ei rekkje av dei planlagde tiltaka ikkje gjennomførast. Lindås kommune søker difor om omdisponering av midlar for desse tiltaka.

Hordaland fylkeskommune legg i si vurdering vekt på at det var fokuset på universell utforming som var grunnlaget for at dei fremja eit prosjekt som ville medføra så store inngrep i sikringssona til eit automatisk freda kulturminne. Den store kostnaden med prosjektet kunne forsvarast med tanke på målet om universell tilgang til eit kulturminne. Grunna det reduserte fokuset på universell utforming ser fylkeskommunen ikkje lenger at det er naudsynt å bruka så store midlar på prosjektet, og stiller seg difor ikkje bak Lindås kommune sin søknad om omdisponering av midlar.

Fylkeskommunen er framleis positiv til den delen av søknaden som omhandlar formidling og tilrår at tildelinga på kr. 15 000,- til informasjonstavle(r), jf. søknad, står ved lag.

Riksantikvaren er samd i fylkeskommunen sin vurdering av saka og kan difor ikkje godkjenne omdisponering av midlane i tråd med søknaden frå Lindås kommune ved Rambøll av 30.06.17.

Tilsegna på kr. 15 000,- til informasjonstavle(r) står ved lag.

Beste helsing

Isa Trøim (e.f.)
seksjonssjef

Eva S. Walderhaug
seniorrådgivar

Brevet er elektronisk godkjent

Kopi til: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ